



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2013

18. ÅRGANG



Vestnes kyrkje

Foto: John Hurlen

Velsigna julehøgtid

Korleis kome til tru?

Av Finn Arne Roaldsnes

Kyrkjebladet sin redaksjon har utfordra meg til å skrive ned nokre tankar om det å kome til tru. Det er eit vanskeleg spørsmål som det opp gjennom historia har vore gitt mange svar på.

Kva er så tru? Tru kan vere så mangt. Når eg trur at bussen kjem kl. 0830, så er eg ikkje sikker. Det er noko usikkert ved det. Tru i kristeleg samanheng er noko vi held for sant og sikkert. **Det er slik det er**, det vi trur på. Det beste dømet på slik tru er Jesu oppstode frå dei døde. Det er noko heilt eineståande som vi trur på og held for sant. I eit bibelvers i Hebrear brevet (11,1) står det slik om denne trua: *Trua er pantet på det vi vonar og provet på det vi ikkje ser.*



Men lat meg raskt legge til: Sjølv om dette høyrst overbevisande ut, veit vi òg at tvilen ofte er iblanda. Sjølv gode etterføljarar av Jesus tvilte. Tenk berre på Tomas eller på Peter som nekta for å ha kjent Jesus. Jesus måtte oppmuntre dei til ikkje å vere tvilande, men truande! Det trur eg han må gjere den dag i dag òg.

TA IMOT JULEBODSKAPEN. Det er snart jul. Igjen skal vi feire at Gud vart menneske og vår Frelsar.

Det er eit stort trussprang og ei utfordring for vitet vårt å ta imot Jesus, ja, tru og halde for sant at han er Frelsaren vår, og at han er alt Gud vil gi oss. Det er mange i vår tid som tek avstand frå dette. For desse blir Jesus berre ei ytre ramme og ikkje sjølv innhaldet i jula. Men bodskapen er likevel denne: Tar vi imot han, så lovar Gud å gi oss alt: frelse og evig liv.

Men eg skjønar likevel at mange må spørje: Er det verkeleg så enkelt? Og svaret må bli: Ja, så enkelt og liketil er det. Jesus er ei gåve Gud rekker oss, og som vi skal ta imot – og når vi tar imot, blir dermed også trua ein del av denne gáva. Vi blir som barn og tar imot det som blir gitt oss. Den heilage Frans av Assisi laga si eiga julekrybbe. Han var

faktisk den første som laga ei julekrybbe. Men i julekrybba sette han nattverdsbrød og nattverdsvin. Med det ville han seie at den som tok imot Jesus, tok imot alt det som Gud gav gjennom sin Son: Det vil seie at den som tek imot Jesusbar-net, får nåde og tilgjeving, eit offer for alle synder, frikjøp, rettferdigheit, eit nytt og evig liv.

Så er juleevangeliet til meg og deg dette (Joh 3.16): *For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Å ta imot Jesus i krybba, er å ta imot alt Gud vil gi. Å kome til tru er difor å ta imot dette og tru det.*

Vi kan oppsummere og svare slik på spørsmålet om det å kome til tru:

Frelsa er ei gåve, og dermed blir òg trua ei gåve frå Gud. Vi kan ikkje prestere noko som helst, korkje til frelse eller tru. Trua har sitt opphav og sitt innhald i Jesus, - i hans liv, død og oppstode for oss.

Vi blir utfordra til tru når vi høyrer bodskapen om Jesus og erfarer Guds kjærleik til oss. Det er ei godheit frå Gud som treffer oss i hjarte og sinn, og som vi berre må seie ja takk til.

Denne sterke bodskapen bruker Gud til å skape trua i oss, i og med at trua er ei gåve. Rom 1,16: *Eg skammar meg ikkje ved evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur.*

Vi vedkjenner oss trua med munn og i haldning og handling. Då er trua vår levande.

Og til sist seier òg Guds ord at den som søkjer han, skal finne han.

Difor kan vi be denne bønna og vere sikre på svar: *Kjære Gud. Bibelen seier at trua er ei gåve frå deg. Eg ber om at du skal gi meg denne gáva.*



Evangeliet etter Lukas

Kapittel 2

Jesus blir fødd



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. 2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt 5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, 7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. 9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. 10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: 11 I dag

er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. 12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» 13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

14 «Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» 16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. 17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. 18 Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. 19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. 20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



Framsdebiletet – Vestnes kyrkje

Av John Hurlen

Dette biletet tok eg kl. 18.15 den 7. januar 2010. For meg er lyset heilt avgjerande når eg fotograferer. Andre faktorar som spelar inn, er vêret, ståstad og eksponering. Denne kvelden var lyset heilt spesielt, med tåke og lett snøfall. Lyset som fell på trea og kyrkjegarden, er farga av varmt gatelys, og kyrkja er lyssett med kaldt lys frå lyskastarane. Tåka gjer at kyrkja står fram diffus og mystisk, ramma inn av mørke tre og steinmuren. Når eg tek bilete som dette, bruker eg stativ og lang eksponeringstid for å få det resultatet eg ynskjer.

For meg er kyrkjene i Vestnes eit ynda motiv. Arkitekturen, det monumentale, det klassiske og det at kyrkja er ein del av oss gjennom heile livet vårt, fascinerer meg.



Nokre minne om førjul og romjul i 1950-åra

Av Per Bjørn Ellingseter

Førjulstida var også i min barndom fylt av forventning. "Når nettene blir lange - -", song Alf Prøysen i radioen den gongen også. Ikkje berre i den gamle mellombølgeradioen vår, men i alle radioar i dei fleste heimar i det vidstrakte landet vårt. Lydkvaliteten var nok ikkje slik som i våre dagar, men likevel skapte radioen den gongen eit fellesskap, forma tradisjonar og sette standard for samværsformer i heimane.

Måndagskveldane varsla "Bojarenes inntogsmarsj" om at no var ønskekonserteren på lufta. I førjulstida fekk vi sjølv sagt ofte høyre dei klassiske julesongane. Andre gjengangarar var "White Christmas" med Bing Crosby, "Silent Night" med Mahalia Jackson, "Når lysene tennes der hjemme" med Jens Book-Jenssen, «O, helga natt» med Jussi Björling, "Julekveldsvisa", "Julepre-sangen" og "Musevisa" med Alf Prøysen, og mange andre.

Var vi så heldige å få vere med på ein førjulstur til Molde eller Ålesund, var det ei stor oppleving å få sjå dei flotte juleutstillingane som nokre forretningar hadde. Pettersen si utstilling på Molde var spesielt imponerende, med livaktige nissar som både saga ved og spelte trekkspel.

Endeleg kom så julekvelden. Etter at vi hadde høyrte på helsingar til sjøfolk og andre nordmenn i framande land, kyrkjeklokker over heile landet som ringde jula inn, og ikkje minst «Sølv-guttene», vart julemiddagen servert. Etter den obligatoriske juletregangen vart spenninga rundt julegåvene utløyst, og oftast var vi glade for det vi fekk. Bokhandlarane den tida hadde eit slagord: "Bøker er den beste julegave", og det har eg heile livet seinare vore einig i.

Så kom første juledag som eit antikklimaks. No visste vi kva vi hadde fått, og var ivrige etter å fortelje og vise fram for kameratane. Men, - denne dagen var det ikkje lov å gå på besøk til andre. Dette skulle vere ein roleg dag, ein skulle helst vere inne heile dagen, og radioen sende berre seriøs, høgtideleg musikk.

Andre juledag, derimot, begynte ting å skje. "Andredagen" var fast preikedag i Fiksdalskyrkja, både jul, påske og pinse. Kaldt var det ofte, og kyrkjetenaren hadde si fulle hyre med å fyre i dei to store vedomnane som var i kyrkja den gongen. Det er nok ikkje tvil om at både eg og mange med meg av dei yngre i kyrkjelyden hadde problem med å konsentrere oss om den gode prost Hellebust si preike. Tankane var nok ofte heilt andre stader, kanskje til det som skulle skje seinare på dagen.

Dette var nemleg også dagen for ein heilt annan juletradisjon i bygda, julefesten på forsamlingshuset "Bygdaheim" om ettermiddagen. Denne festen var i regi av det frilynde ungdomslaget

"Solhov". Der var oftast eit variert og underhaldande program, som skulle passe for både born og vaksne. Det var mange gode musikkrefter i bygda, som hadde sine innslag. Søstrene Gerd og Ruth Gjelsten song og jodla, Gunnar og Emil Nakken spelte trekkspel, ofte akkompagnert av Reidar Frostad på gitar og Ivar Nakken på bass. Far og son Hans og Nils Gjelsten spelte fele og klarinett. Mange andre bidrog også. Mannskoret, leia av Arne Eidhammer, og blandakoret, under Peder Frostad si leiing, var faste innslag. Elles var det ofte ulike leikar og konkurransar. "Gjettekonkurransar" var populært den gongen, det som i dag blir kalla "quiz". Dagens høgdepunkt, skodespelet, var alltid siste post på programmet. Dei stykka som vart framsynte, var oftast bondekomediar med eit heller tynt innhald, men skodespelarprestasjonane fekk latteren til å sitje laust. Truskuldig humor, oftast slikt som kunne godtakast av dei fleste.

Når programmet var slutt, var det fjøstid og på tide å avslutte festen. Etter fjøstid, seinare på kvelden, var det dans på huset, men det er ei heilt anna historie.

Ein dag i romjula var det så bedehuset sin tur til å arrangere juletrefest. Der var det alltid andakt, gjerne tilpassa borna, og mykje song og musikk var det også der. På bedehuset var det servering, kaffi og julemat til dei vaksne, saft og ein pose med frukt og litt "godteri" til borna. Det vart naturlegvis til at oppfinnsame gutfantar brukte posane til å lage "salutt", slik at dei driftige og praktiske damene på bedehuset etter kvart måtte klippe bort eine hjørnet på posane. Gang rundt juletreet var alltid eit sentralt programinnslag på bedehuset. Kristian Tomren spelte "trøorgel" til songen. Det var levande lys på juletreet, og det var ein sport for dei litt større gutane å blåse ut lysa under gangen rundt treet. Dette vart gjerne løyst med at dei minste borna måtte gå i dei ringane som var nærast treet.

Elles gjekk dagane i romjula med til samvær med kameratflokkene og familien, ute i skiløypa eller på isen på Botnavatnet, inne, i aktivitet med "monopol", "kinasjakk", "ludo", "yatzy" eller eit anna av dei mange spela som var populære den tida. Tida gjekk fort, og etter at vi hadde vore på Nakken og sett på rakettane i Molde nyttårsaftan, gjekk dagane fort over i sitt vante gjenge igjen. Skule annankvar dag, og heimlege syslar dei andre dagane. Ei fin tid!

Barndomsminne frå juletreffestane på Daugstad bedehus

Av Anne Lislien Stavem



Spente, stivpynta og litt kalde står vi i den kalde gangen på bedehuset og ventar. Alle må få henge opp jakker og kårer, skifte til fine sko, kjemme håret og sette frå seg kakeboksen sin. Kvar familie har med seg ein liten kakeboks med julekaker i.

Inne på kjøkkenet står det to store kaffikjellar på omnen. På benken ved sida av står det mange små kjellar på rekkje og rad. Frå desse skal det serverast kaffi. Sist, men ikkje minst, står her fleire kasser med brus! Minna om dette er så sterke at når eg vil, kan eg finne fram att lukta og sjå for meg dampen frå kaffikjellane på kjøkkenet.

Etter å ha hutra frå seg i gangen er det tid for å finne seg ein plass inne i ein god og varm sal. Midt på golvet står det eit stort og fint pynta juletre. Det er både høgtidleg og spennande. Vi fekk ikkje lov til å springe rundt i salen, men måtte finne oss ein plass og sitte fint. Eg ser for meg eldre damer med veska over arma, karane som sat ved sida av, alle med eit smil og eit blick som var fullt av omsorg for oss ungane. Ein fekk ei kjensle av at dei vaksne ønska oss alt godt. Heile bedehuset var fullt av forventning, glede og fred.

Mange av ungane hadde fått oppgåver med å lese noko, vere med i eit lite julespel, eller synge. Det var sjølvstøtt også andakt og gang rundt treet.

Etter programmet og første omgang med gang rundt juletreet, var det matpause nede i matsalen. Etter ei god økt med mat og prat gjekk alle fort gjennom dei kalde gangane og opp for å fortsette med gang rundt juletreet. Dei eldste sat då ofte på benkane langs veggene. Dei var slitne etter første omgang, men songen og smila var framleis der.

Juletreffestane gjorde noko med oss. Mitt ønske er at du som les dette, får oppleve at den jula vi no snart går inn i, må bli prega av den same høgtida, forventninga og omsorga som eg hugsar frå juletreffestane på bedehuset, - at jula måtte handle om eit lite barn i ei krybbe, ei von om frelse, og eit ønske om at alle kan stemme i med songen «Deilig er jorden».



Adventskonsertar

15. des. Fiksdal kyrkje kl. 15.00
15. des. Vestnes kyrkje kl. 19.00
20. des. Vike kyrkje kl. 20.00
22. des. Tresfjord kyrkje kl. 19.00

7. des. Vestnes kyrkje kl. 19.00
Konsert v/ Tomra Brass

11. des. Vestnes kyrkje kl. 18.00
Konsert v/ lærarar og elevar
ved Vestnes kulturskule

27. des. Vestnes kyrkje kl. 18.00
Romjuls-konsert arrangert av
Musikkens Venner Tomrefjord.
(Sjå annonse)

Julekonsert med Rauma Gospelkor

Av Randi Sæter Balstad

Fredag 20. desember kl 20 inviterer Rauma Gospelkor og Vike sokneråd til julekonsert i Vike Kyrkje. Gospelkoret har også med gruppa "Churchrats", med m.a. solistane Rakel Venås og Amalie Haugen Øvstedal i tillegg til koret sine egne solistar.

Programmet vil bestå av mange kjente og kjære julesongar, men også ha innslag av gospel.

Vi ønskjer velkommen til ein fin førjulskveld. Bli med i songen om jula sin bodskap: "OSS ER EIN EVIG FRELSAR FØDD!"

Julekortshistorie

Av Anton Øverås

Heilt frå mellomalderen finst det tresnitt som synest å vere laga med det føremål å vere ei julehelsing.

Men det antatt første julekortet i nyare tid vart teikna av den britiske kunstnaren John Colcott Horsley i 1843. Allereie på 1870-80-talet skal det ha blitt produsert julekort her i Norge, men først omkring 1900 vart skikken med å sende julekort vanleg.



Etter kvart vart det mange kunstnarar som teikna kort med julemotiv. Bonderomantiske motiv har vore dominerande i norsk julekortproduksjon, mens religiøse motiv har prega produksjonen i dei fleste andre land. Mange av desse har blitt importerte til Norge, - spesielt frå USA, som har hatt lisensproduksjon her i landet.

Av forlag som har utgitt julekort, kan nemnast: Kunstforlaget H. Abel, Knut Aune Kunstforlag, Børrehaug & Rønning A/S (etter 1946-47 Børrehaug & Remen), Oppi Kunstforlag A/S, Mittet & Co. og Ansgar Kortforlag A/S.

Når det gjeld kunstnarar, vil eg nemne nokre få av mange: Andreas Bloch, Torolf Holmboe, Gunnar Bratlie, Trygve M. Davidsen, Otto Moe, Harald Damsleth, Jenny Nystrøm, Jørgen Thorsrud, Elbjørg Øien (Moum - Gondro), Elind og Milly Heegaard.

Eg vil her utdjupe litt om karrieren til sistnemnde, Milly Heegaard.

Ho vart fødd i Sverige i 1906 og vart tidleg morlaus. Far hennar gifta seg oppatt, og ho fekk etter kvart fleire halvsøsken. Medan ho studerte ved kunstakademiet i Stockholm rundt 1930, vart ho kjend med Bror Poul Heegaard som studerte til interiørarkitekt. Dei gifta seg og budde i Stockholm eit års tid, men reiste så til Oslo og budde der til dei i 1954 flytta til Halden. Etter kvart fekk dei fire born, og desse vart ofte brukte som modellar i kortproduksjonen hennar.


Milly Heegaard teikna mange julekort, gratulasjonskort og anna mellom 1930 og 1950. Teikningane vart laga i A4-format og min-ska til postkortstørrelse.

Under krigen hadde ho illustrert nokre kort med juletre og store norske flagg for Mittet & Co. Dette vart oppdaga av tyskarane, og då måtte ho og forlagssjefen stå og brenne mange av original-teikningane for ikkje å hamne i fengsel.

Ho reiste òg rundt i landet på jakt etter motiv, m.a. i Setesdal og Finnmark. Mange av korta hennar er prega av setesdalsbunader og motiv med samar.

I tillegg til kortproduksjonen har ho skrive fleire bøker og illustrert framsida på mange julehefte.

Milly Heegaard døydd i Halden i 1970.



Mitt hjerte alltid vanker

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Oddgeir Bruaset har skrive boka "Det var midt i julenatt – Historiene om hvordan våre kjente og kjære julesanger ble til". Med utgangspunkt i det han fortel, skal vi sjå på Brorsons gamle salme, *Mitt hjerte alltid vanker*.

Salmen kom ut i 1732 og var med i eit lite hefte med ti julesongar, alle skrivne av Brorson. Den melankolske melodien er opprinneleg ein folketone frå Västergötland, men visse endringar er gjorde for å få han til å passe til salmeteksten.

Brorson ville gjere julehøgtida til ein verdig fest for Jesu fødsel. Det var nemleg så som så med alvor i julefeiringa i mange danske heimar på Brorsons tid. Bruaset seier "Juledagene – og nettene – gikk gjerne med til drikk og svir, dansing og slåsing, og nokså ubekymret gav folk etter for "kjødets lyst"."

Mest av alt ønskte Brorson å rettleie, få folk til å oppdage underet, at Gud frå sin himmelske herlegdom steig ned til "vår arme jord" og lét seg føde i ein tarveleg stall. Det var få diktarar på den tida som dvelte ved barnet i krybba i julesalmane sine. Betlehem, stallen og stjerna blei knapt nok nemnde.

Brorson, som levde under pietismen, følte seg dregen mot mysteria, og det ar derfor ikkje tilfeldig at det første han skreiv, var julesalmar. I denne vakre salmen er det julemysteriet – Jesus som Gud og menneske – han undrar seg over. Han er så å seie til stades i stallen julenatta, han bevegar seg heilt bort til krybba, og han blir ståande og betrakte og beundre Guds store under. Ikkje ein augneblink er han i tvil om at barnet er sendt frå himmelen. Det han ikkje forstår, er "at Gud av himmerike i stallen ligge må". Heile songen er bygd på dette paradokset og denne motsetninga, herlegdom og armod, himmelsal og krybbe. Han føler sorg og mismot over at Gud skulle bli så forakta, men endå sterkare kjenner han gleda over at Gud i sin kjærleik gjekk bort frå "himmelens fryd" og blei til eit lite barn, skjult "i andres stall og strå". Og der han står, opplever Brorson den mørke stallen som eit frydeslott. Om Jesu mor fann stengde dører då ho banka på i Betlehem, opnar diktaren si eiga hjartedør for Jesus og lukkar han inn.

Salmen ser forresten ut til å klinge like kjær i dag som då han kom ut for nærare 300 år sidan, og mange kjende artistar har salmen på repertoaret sitt.

Mitt hjerte alltid vanker

Av Hans Adolph Brorson

Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være
mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære
å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne
hvori min ros består,
når Jesu krybbes minne
meg rett til hjerte går.

Men under uten like,
hvor kan jeg vel forstå
at Gud i himmerike
i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære,
det levende Guds ord,
skal så foraktet være
på denne arme jord!

Hvi skulle herresale
ei smykket for deg stå?
Du hadde å befale
alt hva du pekte på.
Hvi lot du deg ei svøpe
i lyset som et bånd,
og jordens konger løpe
å kysse på din hånd?

Hvi lot du ei utspenne
en himmel til ditt telt
og stjernefakler brenne,
å store himmelhelt?
Hvi lot du frem ei lyne
en mektig englevakt,
som deg i silkedyne
så prektig burde lagt?

En spurv har dog sitt rede
og sikre hvilebo,
en svale må ei bede
om nattely og ro,
en løve vet sin hule
hvor den kan hvile få –
skal da min Gud seg skjule
i andres stall og strå?

Akk, kom, jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig,
du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig
heri mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene
vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene
jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne
sin rette gledes stund,
at du er født herinne
i hjertets dype grunn!



Den gamle skomakeren

Av Leo Tolstoj



Det var en gang en fattig, gammel skomaker som bodde helt alene i et kjellerrom. Det var bare ett vindu i rommet, og det satt så høyt oppe på veggen at skomakeren bare kunne se føttene på

folk som gikk forbi. Kone og barn var død fra ham. Han måtte arbeide hardt for å tjene nok til leien for rommet, til mat og litt brensel. Hele dagen lappet han sko, men om kvelden likte han å sitte foran den velse ovnen og lese i den eneste boken han eide. Boken var en bibel etter hans kone. I den leste han om Jesus som gikk rundt og snakket med folk i Galilea. En kveld sa han til seg selv:

- Om jeg bare kunne få se ham, da ble det lettere for meg å gjøre det som er rett.

Da den gamle mannen hadde lagt seg den kvelden, hørte han en mild røst si navnet sitt.

- Jeg skal komme til deg i morgen, Adjevitj.

Skomakeren styrtet opp og svarte:

- Herre, kommer du til meg?

Men det hørtes ikke en lyd i det vesle rommet, så Adjevitj trodde han hadde drømt.

Morgenen etter tenkte han på røsten med det samme han våknet, og sa til seg selv:

- Tenk om Herren ville komme til meg! Men det var naturligvis bare en drøm.

Han stod opp og laget seg sterk, mørk te. Og akkurat da han var ferdig med å spise frokost, hørte han noen som trampet så kraftig på fortauet. Han klikket ut og så føttene til den gamle mannen som måkte snø. Adjevitj forstod at gamlingen måtte være gjennomfrossen, og han gikk til døren og bad ham komme inn og varme seg. Så gav Adjevitj ham te og litt grovt brød. Den gamle mannen takket og rakte de stive nevene fram mot varmen. En stund etter gikk han, og Adjevitj satte seg til å lappe sko. Han arbeidet flittig til middagstid. Da fikk han høre et barn gråte, og kikket ut av vinduet. Han så føttene på en kone som gikk forbi, og bak henne så han føttene til et lite barn. De små skoene var hullete, den vesle frøs så han gråt. Adjevitj gikk til døren og bad kona komme inn og varme seg. Hun fortalte at mannen hennes var soldat, og at han var blitt forflyttet til en annen by. Og siden hun ikke hadde penger, kunne hun ikke reise med toget, Hun og barnet skulle gå den lange veien. Adjevitj la merke til hvor tynnkledd hun var. Han tenkte:

- Maria ville nok gjerne ha gitt henne sjalet.

Han gikk til kisten der han gjemte de få eiendelene sine, fant fram sjalet etter Maria og gav det til den fremmede. Han fant også fram et par fine, små, røde sko. De var ferdige på et par sting nær, og akkurat passe til den vesle gutten.

Adjevitj tenkte på sin egen gutt som var blitt syk og døde like før de nye skoene ble ferdige. Han syntes det var vondt å skilles fra skoene, men han mente at barnet trengte dem. Adjevitj satte seg på den vesle krakken og gjorde dem i stand på noen minutter, og så gav han dem til den vesle gutten. Barnet ble henrykt over den glade, vakre fargen på de nye skoene og spratt omkring og sa:

-Jeg blir varm på bena av de røde skoene.

Adjevitj gav kona den sterke teen sin og litt brød, og hun takket ham for alt han hadde gjort for henne.

Så snart hun var gått, satte Adjevitj seg til med arbeidet igjen. Han lappet mange par sko, og til slutt ble det så mørkt at han ikke kunne se å arbeide lenger. Han laget te igjen og skulle akkurat til å spise kveldsmat. I det samme hørte han lyden av føttene som sprang forbi, og han hørte også hissige stemmer. Han gikk til døren og så en gutt komme løpende. Etter ham kom eplekona som hadde en bod på hjørnet. Hun var sint og ropte:

- Jeg skal få deg på politistasjonen!

Gutten svarte:

- Du må få tak i meg først.

Adjevitj bad dem komme inn begge to. De slo seg ned foran varmen, og han delte teen og de siste brødskivene med dem. Så sa gutten:

- Det var ikke riktig av meg å stjele eplet fra henne, men jeg var sulten. Jeg skal betale deg for det jeg tok, så snart jeg kan tjene noen penger.

Kona svarte:

- Du trenger ikke betale meg. Jeg burde gitt deg et, når du bad om det. Jeg visste ikke at du var sulten.

Adjevitj snakket med gutten, og han lovt at han aldri skulle stjele epler mer.

Da eplekona og gutten var gått, satte Adjevitj seg foran varmen og leste på nytt om Jesus som gikk rundt og snakket med folk i Galilea. Og igjen tenkte han:

- Om han bare ville snakke med meg, så ville det være lettere for meg å gjøre det som er rett.

Da skinte et lysskjær i det vesle rommet, og Adjevitj hørte en røst som sa:

- Jeg har vært hos deg i dag, Adjevitj.

Adjevitj reiste seg fort og sa:

- Herre, når var du hos meg? Jag var så opptatt med mitt ringe arbeid at jeg ikke merket det.

- Jeg var hos deg i morges med den gamle mannen som skuffet snø. Jeg var hos deg ved middagstid med moren og barnet. Jeg var hos deg i kveld med kvinnen og gutten. Jeg var sulten, og du delte det lille du hadde med meg. Jeg frøs, og du lunet meg med klær, varmet av din kjærlighet. Det du gjorde for disse, Adjevitj, det gjorde du også for meg.

Jesusbarn i krybba låg

Av Kari Nakken

Jesusbarn i krybba låg,
hyrdingane kom og såg.
Høyrde englesong så nær,
lys og glad for sonen kjær.

Møy Maria, varm og var,
fylt av kjærleik barnet bar.
Vogga lint ved barmen sin,
"Sov no, vesle guten min".

Vesle guten rein og nøgd,
komen ifrå himmelhøgd.
Sjå, det var vår Frelsar kjær,
send frå Gud til verda her.

Ja, han kom til verda vår,
boren inn i enkle kår.
Han som hjelpe vil og kan,
leier trygt vår veike hand.

Takk, du kom vår himmelvon,
du som er Guds eigen son.
Fødd i stall og lagt på strå,
ved deg vi skal til himlen nå.



"Maria og barnet" av
Bartolome Esteban Murillo.

Nytt tilbud for barn og unge i Tresfjord og Vike sokn

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Denne hausten vart Laurdagsklubb i Tresfjord kyrkjestove etablert. Ein gong i månaden samlast fleire barn til dette opplegget. Laurdagsklubben er tilpassa aldersnivået: Vanleg søndagsskule for dei som er frå 0 år og opp til 1.klasse, og Tårnagentklubb for 2.klasse og oppover. Kvar gong denne tida har det vore 30 barn og vaksne på samlingane i kyrkjestova. Programmet er fri lek, kaffi til dei vaksne, fellessamling før ein deler inn i grupper, og litt agentmat til slutt. På søndagsskulen får barna høyre ei bibelforteljing, synge ulike songar og teikne. På tårnagentklubben er det lesing av bibelteikneserie, tydinga av det hemmelege tårnagentalfabetet og oppgåver som må løysast ved å leite seg fram i Bibelen. Vi har det kjempekoseleg, og mange barn seier dei gler seg til det skal vere Laurdagsklubb 😊

**Neste Laurdagsklubb blir laurdag 14. desember
kl 11-13 i kyrkjestova i Tresfjord.**



Mange barn i ulike alder kosar seg.



Kvar laurdag startar med felleslek.



Tårnagentgutar klare for å løyse nye oppgåver.

”Menneskets skapelse” av Marc Chagall

Av Audbjørg Gjerde Lippert

”Sidan barndommen har eg vore opptatt av Bibelen. Han synest til alle tider å ha vore den største kjelda til poesi. Heilt frå då har eg søkt til den for refleksjon over livet og kunsten. Bibelen er som eit ekko av naturen, og dette er hemmelegheita eg har prøvd å overbringe.” (Marc Chagall)



Chagall var av jødisk familie, fødd i Kvite-russland, men budde store delar av livet i Frankrike og nokre år i USA. Kunstutdanninga fekk han i Paris. Kanskje har ingen målar sidan Rembrandt gjenskapt stemninga frå Bibelen slik Chagall gjer. Hans omdømme som kunstnar har auka etter som tida har gått, og han blir rekna mellom dei store på 1900-talet.

Chagall var innom fleire kunstretningar:

ekspresjonisme, kubisme, surrealisme og fauvisme. Han nytta ofte, som vanleg var i fauvismen, sterke kulørar, gjerne ein kombinasjon av blått og grønt som dominerande fargar, men hadde òg mange bilete der raudfargen er svært framtrедande. Chagall seier (fritt omsett): *”I livet vårt er det berre ein einaste farge som sørgjer for meininga med livet og kunsten. Det er kjærleikens farge.”* Dei symboltunge måleria vekkjer mange assosiasjonar, og ein blir lett sitjande og undre seg.

Kva ønskjer Chagall å uttrykkje i dette store måleriet som i dag heng i Chagall-muséet i Nice? Det ser ut til at han har henta inspirasjon frå både det gamle og det nye testamente, - kanskje med overvekt frå det gamle.

- Vil han seie at Bibelen har både lov og evangelium?
- Den store engelen sentralt i biletet, som ber mennesket under skapinga, symboliserer nok Gud. Det var ikkje lov å avbilde Gud, og Chagall har truleg derfor nytta ein engel i staden.
- Er sola symbol på alt liv? Og skal regnbogefargane i spiralen rundt minne om Guds pakt med menneska gjennom Noa?
- Er det Guds lys som strålar ned mot menneska mens han gir Moses lovtavlene på Sinaifjellet?
- Ser vi det himmelske kor i det gule feltet øvst til venstre?
- Kvifor har han tatt med den sjuarma lysestaken (menoråen) som brann kontinuerleg i templet, Jakobsstigen og syndebukken (geita)?
- Vi ser Kristus på korset, men ser vi han som den oppstadne?
- Er fisken i venstre hjørne symbolet dei første kristne brukte?
- Er det Josef og Maria som flyktar til Egypt med Jesusbarnet midt på biletet?
- Ser vi ikkje også slangen i paradiset og andre skumle skikkelsar, ei blanding av gode og vonde makter?

Slik kunne vi halde fram å spørje, men eg overlèt til lesarane å studere biletet sjølve. Eg vågar heller ikkje å gå inn på noka tolking, men seier med Ibsen: *”Jeg spørger helst, mitt kald er ei at svare.”* Men for meg har det vore eit måleri som har sett tankar og fantasi i sving, og som det har vore godt å reflektere over.

Den gamle pakta er basis for den nye der Gud steig inn i historia gjennom Jesu fødsel i Betlehem, - grunnlaget for vår kristne julefeiring.

Førjulsconcert

Vestnes Kyrkje, Onsdag 11. desember kl. 18.00

med elevar og lærarar

Vestnes kulturskule

Bill. Kr. 50,-

Elevar i kulturskulen gratis!



Norsk salmebok 2013

Ved Sissel Schiøtt

Halleluja! Lovsyng Herren, min sjel! Jeg vil lovsynge Herren hele mitt liv, synge og spille for min Gud så lenge jeg er til. (Salme 146, 1-2)

Det er en historisk begivenhet når det nå utgis ny salmebok i Den norske kirke. Det er 28 år siden sist, og bare tre ganger i forrige århundre at den kom ut i vår kirke. Den nye salmeboka tas i bruk første søndag i advent.

Den har en langt større sjangerbredde enn tidligere salmebøker. Her står de tradisjonelle salmene side om side med gospel, spirituals, såkalt moderne lovsang, viser og afrikanske, latin-amerikanske og asiatiske salmer. Innslag av salmer på de tre samiske språkene og kvensk viser det språklige mangfoldet i Den norske kirke. Salmer på engelsk og andre fremmedspråk er kommet med, noe som reflekterer at kirken er internasjonal, og som samtidig gir hjelp til å inkludere innvandrere i norske menigheter. 535 salmer i den nye boka er videreført fra Norsk Salmebok (1985), og 124 salmer kommer fra Salmer 1997. 240 salmer er nye.

Ny salmebok kommer i flere utgaver: menighetssalmebok, pocketsalmebok, storskriftsalmebok, praktutgave, koralbok, digital salmebok og besifret salmebok som er helt nytt, og som gjør det enklere å bruke band i kirken. Det legges til rette for større instrumental bredde i gudstjenesten.

Hva skal vi gjøre med de gamle salmebøkene? Bør vi ta vare på dem?

Det er slett ikke slik at brukbare bøker skal kastes. Det er flere grunner til å ha noen fine eksemplarer lett tilgjengelig. Mange har et nært forhold til NoS og ønsker kanskje å bruke den gamle salmeboka i f.eks. begravelser eller i andre kirkelige treff. Det er sjelden greit å sitte med flere esker gamle salmebøker. De kan gis bort til institusjoner, kirkestuer, bedehus osv.

Hva er en salme?


Synnøve Heggem, sokneprest i Lom og med bistilling som postdok. ved universitetet i Aarhus i Danmark, stiller noen spørsmål:

"Hva sier folk at en salme er, før og nå? Hva er en hellig tekst, tone, situasjon? Er tekster, toner og situasjoner hellige fordi alt annet ikke er hellig, eller er de potensielt hellige fordi livet og altet er hellig, men i forskjellig grad og styrke og med ulike konvensjonelle og kulturelle ansiktstrekk? Når begynner salmen å "ligne en bønn", for å spille på Ole Paus sin retorikk? Hva skjer med forståelsen av hva en salme er når folk tar tilbake salmeskatten og føyer sin signatur til, som **Ole Paus, Bjarne Brøndbo, Mette Marit, Kine Hellebust, Sigvart Dagsland, Kari Bremnes** og andre, - med og uten kirkelig korrekt livssyn?

En salme har fra tidenes morgen vært et tverrfaglig fenomen fordi den alltid har minst tre elementer: **tone, tekst, og noe hellig. Salmen blir til / er når den synges.**"

Eit smykkeskrin

Åge Håvik, seniorrådgiver i Kirkerådet, sier det så fint slik: "I salmane møter vi Evangeliet i heile sin rikdom, lagt til rette i kunstnarleg form. Den bibelske budskapen i alle fasettar er samla i ein einskap av to kunstverk; eit dikt og ein komposisjon. Det mest verdfulle frå alle tidsaldrar er gjeve vidare til oss. Salmeboka er difor den rikaste kjelda vi har til teologi og trushistorie frå ulike tider. Samstundes er ho ei makelaus kulturhistorie i konsentrert form. Salmeboka er eit smykkeskrin."



Romjulskonserter

Fredag 27. desember kl. 18.00

Arrangør: Musikkens Venner Tomrefjord

Fredag 27. desember kl 18:00 arrangerer Musikkens Venner Tomrefjord en julekonsert utenom det vanlige i Vestnes Kyrkje. Marius Neset, saksofonisten fra Os utenfor Bergen, blir regnet som en av verdens ledende jazzmusikere og komponister. Sammen med Moldes tubavirtuos Daniel Herskedal har de invitert Amalie Haugen Øvstedal, Hallvar Djupvik, Bjørn Tomren og Martin Bredin. Programmet vil bli en blanding av nytt og gammelt, noe av stoffet fra Neset og Herskedal sin Spellemannsnominerte CD - Neck of the Woods. Blant annet den nydelig julesangen Christmas Song. Det vil bli en vakker og virtuos kveld i Vestnes Kyrkje med fantastiske musikere og sangere.



BARNAS SIDE

Fargelegg

Tegning: Vera Tatáro



Gullivers julekryssord!

Finner du løsningsordet?



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Tegning: Vera Tatáro



Trusopplærar i Vestnes

Eg heiter Sivert Hovde, er 31 år og utdanna grafisk designar. No har eg starta som trusopplærar i Vestnes. Eg er presteson og har hatt ein flott barndom saman med fem søsken og gode foreldre i oppveksten i Øksendal og Ålvundfjord på Nordmøre. Det er godt å minnst tida då ting gjekk litt saktare enn no, kvalitetstid med familie, vener og mangelen på mobiltelefon.

I våre dagar er tida noko som skal brukast til alt anna enn å vere stille. Eg er glad for å vere i eit arbeid som set fokus på livet og korleis vi lever i harmoni med Guds plan.

Her i Vestnes er eg allereie godt i gang med ulike aktivitetar for born opp til 18 år. Tidligare har eg jobba i kyrkjias "Ungdoms-menighet SubUrban" som held til i Molde. Her har eg mellom anna stått i kafé, arrangert gudstenester, vore på misjonsreise til Kambodsja og møtt ungdomar ansikt til ansikt.

Dei fleste unge ynskjer å bli sett, eller vite at dei er verdsette, i eit godt og trygt miljø. Dette er elementære behov som ein kanskje fort gløymer. Eg har eit hjarte for inkludering og verdsetting av unge menneske i dagens travle samfunn. Eg gler meg over det

engasjementet som finst i Vestnes Kommune, og då snakkar eg om KRIK, opne skular, klubbar og foreldre som er positive til arbeidet vårt. Dette er eit flott utgangspunkt for å invitere ungane til spanande arrangement over heile kommunen.

Tida framover som trusopplærar ser eg på som utfordrande og spanande! Snart er tida inne for **Lys vaken**, og eg gler meg til å invitere 6.klassingane til kyrkja, som òg er ein heim. Her vil det bli song, leik og forteljingar i eit spanande og koseleg kyrkjebygg.

Meir informasjon og påmelding til **Lys Vaken** finn du på heimesida til kyrkja www.Vestnes.kyrkja.no

Vi sjåast i kyrkja! Helsing Sivert.



Julekrybber

Selv om det er Frans av Assisi som har fått æren for å ha oppfunnet den tredimensjonale betlehemsscene i 1223, viser eldre teininger og malerier at dette likevel ikke var første gang. Men Frans' krybbespill i Greccio i Italia i 1223 gjorde et særlig inntrykk blant annet ved sin bruk av levende dyr.

Deretter fulgte en tilsynelatende kontinuerlig videreutvikling og videreutbredelse av julekrybben. Men denne ble avbrutt ved reformasjonen for protestantenes del; julekrybben ble da et rent

katolsk fenomen, og ble ikke fullt akseptert eller godt kjent i ikke katolske land som f.eks. Norge før godt ut på 1900-tallet.

Styrket av Tridentinerkonsilet (1545–1563) forsøkte fremfor alt jesuittene, men også servittene og fransiskanerne å gi de bibelske fortellinger en mer levende form med skuespill og plastiske fremstillinger. Den europavide utbredelse av julekrybben tok ikke til for alvor før fra ca. 1560, det året da jesuittene satte opp sin første julekrybbe i en kirke i Portugal. Julekrybber av den utforming som man er fortrolig med på 2000-tallet så man ikke før i 1562 da en slik ble oppsatt i en jesuitterkirke i Praha. Siden jesuittene var en av den katolske kirkes fremste misjonsordener, spredte skikken seg raskt til andre verdensdeler også. Men også andre katolske ordener, mannlige og kvinnelige, har vært med på utbredelsen av denne juleskikken.

Fra Wikipedia



Giotto di Bondones freske av Frans som lager den første julekrybbe.

Vår Far

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.



Strikkekafé

Av Liv Gislås

Strikking er i vinden, og no har vikebuktingane også fått sin strikkekafé. Annan kvar måndag kveld kl. 20 samlast ein gjeng damer i kyrkjekjellaren, med og utan handarbeid. Praten går lett. Her er det utveksling av mønster og strikketips, men også tips om safting, sylting og andre oppskrifter. Så er det sjølvsagt kaffi og te og litt å bite i.

Strikkekaféen har ei heilt uformell form. Vi trur det er behov for ein slik møteplass i ei stressa tid. Her kan du komme og slå av ein prat med naboen. Det er ikkje sikkert du har tid til det så ofte? Mannfolka er også velkomne!



Nytt misjonsprosjekt i Vike kyrkjelyd

I mange år har Vike kyrkjelyd støtta Normisjon sitt landbruksprosjekt i Aserbajdsjan. Frå nyttår snur vi misjonsfokuset mot Mali og helsehagen i Tomora.

Her driv Normisjon eit prosjekt for å hjelpe dei avsidesliggande landsbyane i Touba-området til å ta hand om eiga utvikling. Vaksenopplæring, med lese- og skriveopplæring og etablering av lokale utviklingskomitear, er grunnlaget for dei andre aktivitetane. Det er etablert eit helsesenter i Touba som har bidratt til betydeleg betring av helsesituasjonen i området. Brønnboring, bygging av latriner og årlege kurs i birøkt, hønsehald og planteskuledrift er også viktig for helsesituasjonen. Prosjektet hjelper i tillegg med vegutbetring og brubygging, slik at fleire landsbyar kan få tilgang til mellom anna helsetenestene.

Dette er eit Noradstøtta prosjekt, og Normisjons del er kr 196 000. Vike kyrkjelyd har lova å bidra med minst kr 6000 pr år.

Misjonær Karen Eikern er ei av dei som var med å starte dette

prosjektet. Søndag 15. desember kjem ho til Vike og vil vere på misjonsmøte kl. 11. Her kan vi få meir informasjon om helsehageprosjektet. Alle er hjarteleg velkomne!



Ein salme til deg

på www.vestnes.kyrkja.no

Vi på kyrkjekontoret vil invitere deg til å følgje oss på nettsida vår. Her står det om kva som skjer i kyrkjelydane våre. Det har også kome ein ny modul inne på sida som heiter "Ein salme til deg". Her er ein link til ein salme som du kan lytte til, ein salme som er ønskt av ulike folk i kommunen. Vi har i første omgang utfordra dei som arbeider på kyrkjekontoret. Deretter vil utfordringane gå vidare til våre faste klokkarar, sokneråda osv. I løpet av 2014 skal vi også spørje ordføraren om han har eit salmeønske. Salmen vil stå ein månads tid før han blir bytt ut med neste. Salmestafettpinnen framover ser slik ut:

Desember: diakon Ellen Edvardsen

Januar: trusopplærar Sivert Hovde

Februar: kyrkjetenar Geir Falch

Mars: prest Inger Marie J. Sylte

April: klokkar Kari Nakken

Mai: klokkar Brit Eli S. Knudsen


I november stod dette under "Ein salme til deg" på heimesida vår:

Sokneprest Finn Arne Roaldsnes sin salme:
"Deg å få skode".

Finn Arne fortel dette om salmevalet:

Blant mange salmar som eg likar, vil eg trekkje fram DEG Å FÅ SKODE.

Salmen er ein irsk tekst frå 700-talet. Han er med andre ord ein av dei beste og finaste salmane ut frå keltisk åndelegheit. Ein fin folketone følgjer med. Eg veit at mange med meg set stor pris på salmen. Han kan brukast i nær sagt alle samanhengar.



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

18.08 Lilja Savannah Gjelsten
18.08 Sunniva Aakernes Gjerde
18.08 Jaydon Santos Madahar
18.08 Marius Stokkeland Rypdal
18.08 Athena Melani Vik Sønstabø
08.09 Savannah Christina Gunneth Svartveit Jønsson
29.09 Theodor Nerås Eide
29.09 Tristan Thorsteinsson Gimmedstad
29.09 Sofie Nerhus-Solbakken
13.10 Aurora Matilde Stave Sæther

Vigde:

06.09 Line Stokkeland og Kristian Olav Tautra
27.09 Unni Øverås og Kjell Ødegård
23.10 Gro Ødegård og Oddleif Stokkeland

Døde:

01.08 Torill Jakobsen
15.08 Julie Sundnes Talleraas
25.08 Betzy Gurine Tomren
04.09 Bergliot Krogsæther
13.09 Roy Martin Karlsen
10.10 Kåre P. Tomren
15.10 Marit Dragnes
18.10 Helge Skjegstad
24.10 Magnhild Kalvatn
25.10 Birger Ødegård
28.10 Signe Aslaug Talberg (gravl. i Fiksdal)
02.11 Gudrun Skjønberg
06.11 Helge Sigmund Vollen
18.11 Jorunn Vestnes

Fiksdal kyrkje

Døypte:

11.08 Julie Eilertsen (døpt i Øygardsbukta)
01.09 Markus Tøger Hildrestrand Anundsen
01.09 Heine Elias Bakke Lien
22.09 Liam Gjelsten Lufall
13.10 Fynn Luca Daniel
13.10 Oliver Daniel-Nakken

Døde:

01.09 Tordis Rekdal
02.09 Rosa Albertine Rekdal
19.11 Tor Arne Lien

Tresfjord kyrkje

Døypte:

25.08 Julie Bjørdalsbakke
15.09 Matheo Longva Austnes
15.09 Emil Stokkeland Misfjord
15.09 Vilja Berg Longva
20.10 Nicolai Lindset
17.11 Arja Olsen Vilnes

Vigde:

24.08 Gry Hartmann Breivik og Matthew Joseph Mcmenemy

Døde:

06.08 Inga Elida Kleive
12.08 Sonja Bjermeland
20.08 Johan L. Rypdal
03.10 Rollaug Borgny Dahl
13.10 Magnhild Skjegstad

Vike kyrkje

Døypte:

06.10 Thale Dragnes

Døde:

04.06 Borghild Lindset
07.08 Dagrun Gullvåg Ansnes
17.09 Borgny Legernes
27.09 Asbjørn Lindset
04.10 Ruth Aslaug Krogseth

Takk for gåve!

Kyrkjebladet takkar Tresfjord Kvinne & Familielag for gáva på 3000 kr.
Redaksjonen

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, vikarprest

Telefon: 71184236 / 99717442

E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, kyrkjevevjerje (sjukmeld)

Sigurd Moltubak, vikar for kyrkjevevjerje:

Telefon: 71184235 / 92086951

E-post: kyrkjevevjerje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon: Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Sivert Hovde, trusopplærar

(vikar for Inger Marie J. Sylte): Telefon: 71184238

E-post: siverthovde@gmail.com

Nina Kvernmo, konfirmantlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,
Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff
eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta
kontakt med redaksjonen. Takk!*

*Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomne.
Kontonummer 4056.20.62124*

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

08. desember 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til
Trusopplæringa i kommunen.
Søndagsskule.

15. desember 3. s. i advent

Tresfjord trygdeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Adventskonsertar i:

Fiksdal kyrkje kl. 15.00

Vestnes kyrkje kl. 19.00

20. desember Fredag

Vike kyrkje kl. 20.00

Adventskonsert

22. desember 4. s. i advent

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Adventskonsert.

24. des. Julaftan

Tresfjord kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste. Takkoffer til
Barne- og ungdomsarb. i soknet.

Vike kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 14.00 og 16.00

Julaftangudstenester. Takkoffer til Redd
barna og Kirkens SOS:

25. des. 1. juledag

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til
Det norske Misjonsselskap.

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Høgmesse. Takkoffer til Det norske
Misjonsselskap.

26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til
Det norske Misjonsselskap.

29. des. Romjuls søndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Songgudsteneste med dåp.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

31. des. Nyårsaftan

Vestnes kyrkje kl. 22.30

Forenkla høgmesse.
Takkoffer til Diakoniarbeidet.

5. januar Kristi openberringsdag

Vike kyrkje kl. 16.00

Nyttårsfest i kyrkja.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

12. januar 2. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Normisjon.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste m/ nattverd.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

19. januar 3. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Norsk kyrkje i utlandet.

26. januar 4. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.
Takkoffer til Trusopplæringa.

02. februar 5. s. i openberringstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til
Misjonsprosjektet i Mali.

09. februar 6. s. i openberringstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Utdeling
til 1. klasse. Takkoffer til Romsdal
søndagsskulekrets.

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 18.00

Gudsteneste m/ nattverd.
Takkoffer til Forsamlingshuset.

16. februar Såmannssøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste for alle sokna.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Mali.

23. februar Kristi forkl.dag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Beghi.
Søndagsskule.

02. mars Fastelavnssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Karnevalsgudsteneste for alle sokna.
Team Sulebakk synger.
Takkoffer til Trusopplæringa.

05. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftemålgudsteneste.
Takkoffer til Bibelselskapet.

09. mars 1. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste.
Utdeling til 1. og 3. klasse.
Takkoffer til Trusopplæring i soknet.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Bibelselskapet.
Årsmøte.

16. mars 2. s. i fastetida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd. Takkoffer til
KFUK/ KFUM. Søndagsskule.

Tresfjord kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste. Utdeling til
1. klasse. Takkoffer til Topp Safari.

23. mars Maria Bodskapsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Lovsongsgudsteneste.
Takkoffer til Misjonsprosjekt i Beghi.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Lovsongsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

30. mars 3. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

06. april 4. s. i fastetida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

Vestnes kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste. Utdeling til
1. og 2. klasse.
Takkoffer til Trusopplæringa.